



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for pedagogikk

Det psykologiske fakultet

Referanse

2011/2587-ØYSLA

Dato

10.03.2011

Utdanningsmelding 2010

Institutt for pedagogikk

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for pedagogikk
Telefon
Telefaks

Postadresse

Besøksadresse
Christiesgate 13
Bergen

Sakshandsamar
Øystein Steine Larsen
55584833

I. Generell omtale av studietilbudet ved instituttet

Institutt for pedagogikk består av tre fagmiljø: Universitetspedagogikk, Utdanningsvitenskap og Lærerutdanning. Fagmiljøet i Universitetspedagogikk har programansvaret for Universpedagogikk. Fagmiljøet i Utdanningsvitenskap har programansvar for bachelor i pedagogikk og mastergrad i pedagogikk. Fagmiljøet i lærerutdanninga har programsansvaret for pedagogikkdelen i PPU og den integrerte lærerutdanninga. På tvers av fagmiljøa har instituttet i dag studieplanansvar for: Mastergrad i pedagogikk (Høgskulen Sogn og Fjordane), Rektorskulen, Mentorutdanninga og Ny i Hordaland. Programportefølja til instituttet har auka dermed auka dei siste åra og det er mange positive straumdrag som følgje av dette. Men i lys av instituttet sin størrelse, studentsmåltal og i lys av evalueringsrapportar den siste tida (t.d. Rokkan-rapporten) synes det viktig for instituttet å rette større merksemd mot primærverksemda ved instituttet i tida framover. Dette er særskilt viktig innanfor lærerutdanninga der ein framleis har eit for lågt studenttal i høve til UiB sitt studentmåltal. Dette er eit kollektivt ansvar på tvers av fakulteta, men Det psykologiske fakultet, Institutt for pedagogikk og lærerutdanningsmiljøet må bere sin del av ansvaret for å iverksetje tiltak som kan auke dette studenttalet i tida framover. Lærerutdanninga har dei siste fem åra lagt ned eit stort arbeid for å rekruttere stipendiatar, kvalitetssikre emnebeskrivelser og heve forskingsaktiviteten i miljøet. Det er grunn til å hevde at mykje av dette har fagmiljøet lukkast sær godt med. Samstundes har fagmiljøet utfordringar knyta til organiseringa av lærerutdanninga ved UiB og praksisdelen i lærerutdanninga.

Lærerutdanninga ved fakultetet bør difor i tida framover prioritere si primærverksemd for å prøve å finne gode løysingar på desse utfordringane og bidra konstruktivt inn mot å prøve heve studenttalet både ved PPU og ved den integrerte lærerutdanninga.

Universitetspedagogikken er eit anna del av primærverksemda ved instituttet som blir prioritert, og må prioriterast i tida framover. Fagmiljøet har i lengre tid vore underbemanna og dette har sett sitt preg på verksemda og gjort at sær mykje arbeidet har vore utført av få personar. I tida framover blir det viktig å få på plass ein fast stab som kan vareta universitetspedagogikken på tvers av alle fakultet ved UiB. Vi har von om at i løpet av våren 2011 vil mykje av utfordringane løyse seg då det blir tilsett ein ny førsteamanuensis, samt at det blir arbeidd for å få knyta til seg stipendiatar til miljøet.

Seksjon for Utdanningsvitenskap har arbeidd systematisk over tid for å kvalitetsikre primærverksemda si i fagmiljøet dvs. bachelor- og master i pedagogikk og har langt på veg lukkast med dette. Men miljøet har det siste året bere preg av at tre professorar i fagmiljøet har gått ut i permisjon, slutta og har gått av med pensjon. Det har difor vore problematisk for fagmiljøet å halde forskingsaktiviteten og søknadsaktiviteten oppe på tidlegare nivå, då desse professorane var drivkrafta i slike aktivitetar for ei tid tilbake. Det blir difor viktig for fagmiljøet å få på plass ein ny professor (under tilsetting) snarast råd, slik at alle sider ved primærverksemda kan varetakast i tida framover.

Instituttet har også studieplanansvar for studier som har vorte etablert gjennom samarbeidsavtaler mellom UiB og høgskular i UH-Nett Vest. Dette gjeld særskilt studieplanansvaret for Mastergrad i Pedagogikk ved Høgskulen Sogn og Fjordane og Rektorskulen (UH-Nett Vest-samarbeid). Dette er spennande samarbeidsrelasjonar som er ein del av studieportefølja til instituttet i åra som kjem. Det har likevel verdt å påpeike at instituttet sin størrelse set begrensingar i høve til kor mange slike studieplanansvar ein kan forvalte og difor må ein i tida framover vurdere nøye i kva grad instituttet har berekraft til å gå inn i nye samarbeidsrelasjonar. Dette gjeld også etter/-vidareutdanningstilbod via SEVU som i fleire år har vore ein positiv tilvekst til både fagmiljø og instituttet, men som heile vegen må vurderast opp primærverksemda ved instituttet.

Sett under eitt er instituttet inne i ein fase som både er lovande og utfordrande på same tid, og instituttet må heile vegen ha eit blick på totalbelastninga både i fagmiljøa og ved instituttet som heilskap, slik at ein har kapasitet til å sikre alle sider ved utdanningsporteføljen vår.

II. Kvalitativ omtale av studie- og studentstatistikk

Instituttet har ei stabil gjennomstrøyming av studentar både på bachelor- og mastergrad i pedagogikk og i universitetspedagogikken. I pedagogikkdelen i lærarutdanninga er òg gjennomstrøyminga god og det er lite forfall på PPU. Men det låge studenttalet ved PPU og det store fråfallet av studentar ved den integrerte lærarutdanninga er det viktig at alle fakultet og fagmiljø ved UiB rettar merksemd mot. Likevel ser det ut til at det er organiseringa av desse utdanningsløpa som er den største utfordringa og her har andre fakultet eit hovudansvar som eigarar av dei integrerte programma.

Emner

Instituttet tilbød 32 emner i 2010, der alle desse emna var oppretta før instituttet vart oppretta mai 2010. Under blir det vist ein statistikk over dette.

B3	PED111	1
	PED112	1
	PED114	1
	PED211	1
	PED212	1
	POH100	1
Totalt B3		6
LN	DIDAPSYK1	1
	DIDAPSYK2	1
	ILPRA101	1
	ILPRA102	1
	PED600	1
	PED641	1
	PED661	1
	PEDA101	1
	PEDA102	1
	PEDA102-D	
	PPUPRA101	1
	PPUPRA102	1
	UPED620	1
	UPED622	1
Totalt LN		13
M2	PED311	
	PED312	1
	PED313	
	PED314	1
	PED321	
	PED322	1
	PED323	1
	PED324	
	PED395	1
	PED396	1
Totalt M2		6
M5	PEDA111	1
	PEDA112	1
	PEDA113	1

	PEDA114	1
	PEDAHF	1
	PEDAHF101	1
	PEDAHF102	
	PEDAMN102	1
Totalt M5		7
		32
		32

Studieprogram

Talla viser ei omfattande vekst i antall studieprogram lagt til fagmiljøet siste åra.

INSTITUTT	NSDNIVAKODE	STUDIEPROGRAMKODE	2 010	2 009	2 008
			Sum of ANT_PROG	Sum of ANT_PROG	Sum of ANT_PROG
Institutt for pedagogikk	B3	BAPS-PED	1	1	1
	Totalt B3		1	1	1
	LN	PRAPED	1	1	1
		VID-PSMENT	1		
		VID-PSSLED	1		
		VIDUNIPED	1	1	
	Totalt LN		4	2	1
M2	MAPS-PED	1	1	1	
	MAPS-PEDIK	1	1	1	
	MAPS-UND	1			
Totalt M2		3	2	2	
Totalt Institutt for pedagogikk			8	5	4

Opptak

Antall primærsøkarar til bachelorprogrammet i pedagogikk er om lag likt som føregåande år.

For PPU har antallet søkarar gått opp noko dei siste åra, men dette blir ikkje gjenspegla i antallet studentar som startar på og fullfører studiet. Til lærarutdanninga bidrar institutt for pedagogikk med pedagogikkdelen av utdanninga. Det blir tatt opp færre studentar til lærarutdanninga enn opptaksrammene tilseier, men med dagens organisering av lærarutdanninga har ikkje institutt for pedagogikk avgjerande myndigheit eller mandat til å forandre på dette. Instituttet jobbar aktivt inn mot å gjere opptaksrammene smidigare samt å utvide fagdidaktikktilbodet. Institutt for pedagogikk er rusta til å ta imot studentar tilsvarande opptaksrammene for pedagogikkemna i lærarutdanninga.

Talla under viser ein statistikk over dette:

INSTITUTT	STUDIEPROGRAMNAVN	STUDIEPLASSANTALL	PRIMÆRSOKER	MØTT	MØTT_PR_STUDIEPLASS
Institutt for pedagogikk	Bachelorprogram i pedagogikk	40	68	33	0,8
	Praktisk-pedagogisk utdanning		388	210	0,0
Institutt for pedagogikk Total		40	456	243	0,8

Registrerte studenter

STUDIEPROGNAVN	2 008		Totalt 2 008	2 009		Totalt 2 009	2 010		Totalt 2 010
	HØST	VÅR		HØST	VÅR		HØST	VÅR	
Bachelorprogram i pedagogikk	76,0	60,0	136,0	81,0	69,0	150,0	69,0	71,0	140,0
	76,0	60,0	136,0	81,0	69,0	150,0	69,0	71,0	140,0

Praktisk-pedagogisk utdanning	85,0	85,0	170,0	110,0	100,0	210,0	95,0	96,0	191,0
Universitetspedagogikk								18,0	18,0
Videreutdanning - mentor og veiledning							0,0		0,0
	85,0	85,0	170,0	110,0	100,0	210,0	95,0	114,0	209,0
Masterprogram i pedagogikk	14,0	19,0	33,0	26,0	13,0	39,0	17,0	22,0	39,0
Masterprogram i pedagogikk, IKT-basert	39,0	47,0	86,0	47,0	40,0	87,0	33,0	39,0	72,0
	53,0	66,0	119,0	73,0	53,0	126,0	50,0	61,0	111,0
	214,0	211,0	425,0	264,0	222,0	486,0	214,0	246,0	460,0
	214,0	211,0	425,0	264,0	222,0	486,0	214,0	246,0	460,0

Ferdige kandidater

Antallet ferdige kandidater i PPU var i 2010 lågare enn i 2009, noko som er bekymringsfullt. Det er høg gjennomføringsprosent for studentar tatt opp på PPU, så problemet ligg truleg i snevre opptakskriterier der potensielle studentar ikkje får opptak pga. feil fagkombinasjonar som ikkje UiB tilbyr. Det er difor viktig å tilby eittfagsmodellar i tida framover, samt sjå på moglege samarbeidsrelasjonar med Grieg-akademiet og Kunsthøgskolen, for å kunne tilby studentar med praktisk-estetiske fag eit fagdidaktisk tilbod i slike fag.

		ARSTALL_RAPP			
NSDNIVAKODE	KANDIDATKODE	2 010	2 009	2 008	Totalt
	BAPS-PED	17	1		18
Totalt B3 - Bachelor, normert studietid 3 år		81	68	63	212
LN - Lavere nivå	PRAKTPED	92	117	90	299
M2 - Master, normert studietid 2 år	MAPS-PEDAG	6	22	6	34

Frafall

Talla er basert på tallmateriale frå 2004 til 2010 og seier difor lite om endringar for 2010. Frafallsprosenten på bachelor i pedagogikk ligg på 47,37%. Samanlikna med andre bachelorprogram ved UiB er vel dette om lag som snittet, men det er uansett for høgt. Det må setjast inn tiltak for å prøve å redusere dette, m.a. ved å opne opp for at bachelorstudentar med eitt skulefag kan ta PPU etter endt bachelor i pedagogikk.

Institutt for pedagogikk	B3	BAPS-PED	52,63 %	47,37 %
	B3 Total		52,63 %	47,37 %
	M2	MAPS-PED	81,63 %	18,37 %
		MAPS-PEDIK	77,94 %	22,06 %
	M2 Total		79,49 %	20,51 %
Institutt for pedagogikk Total			64,31 %	35,69 %

III. Generell kvalitativ presentasjon av resultat, planer, utfordringar og prioriteringar

Institutt for pedagogikk er det instituttet ved UiB med høgast kompetanse på pedagogikk og difor er desse fagmiljøa ved instituttet særst viktige i dag, samt i åra som kjem. Instituttet skal difor vere "motoren" for pedagogikk ved UiB i åra framover. Difor er det viktig at UiB og fakultetet støtter opp under dette ved å:

- Oppretthalde den dimensjoneringa som ein har i dag innanfor instituttet
 - Iverksette tiltak for Lektor- og adjunksutdanninga i lys av Fråfallsrapporten frå Rokkan-senteret
 - Vere i fremste rekke når nye nasjonale rammeplanar for pedagogikk blir revidert og melde inn tilsette til slikt komitèarbeid
 - Gi instituttet fysiske rammevilkår slik at også t.d. seniorpolitikk og professor emeriti blir teke omsyn til i arealdisponering
 - Sørge for gode rammevilkår for undervising
 -
- Instituttet har drøfta dette med studentaktiv forskning og vil i tida framover sjå på kva moglegheiter som her kan etablerast i tillegg til det vi allereie har i dag.
- Alle evalueringar har programma ved instituttet ansvar for å gjennomgå på ein systematisk måte. Vi vil halde fram med dette i tida framover og setje i verk tiltak om det er naudsynt. Dette vil gjerast i samråd med programsensorane ved alle programma.
- Instituttet har fleire studiekvalitetsforbetrande tiltak i prosess og særskilt er dette retta mot PEK-prosjekta ved instituttet. Desse er rapportert inn årleg og vi syner til desse rapportane for meir detaljar rundt denne verksemda.
- Internasjonalisering:
 - Ved bachelorprogrammet i pedagogikk er det etablert eit engelskspråkleg program med tanke på internasjonalisering
 - Innan lærarutdanninga er dette vanskeleg pga. av kravet om at dei som skal blir lærarar under norske læreplanar må beherske norsk
 - Ein har likevel hatt eigne studentar på utanlandsopphald frå tid til annan.

IV. Oppsummering

Hovudutfordringane for institutt for pedagogikk er delvis knyta til å få på plass vakante stillingar slik at fagmiljøa blir meir berekraftige og stabile over tid. Det er òg behov for å prioritere primærverksemda i tida framover slik at alle sider ved vår utdanningsverksemd blir kvalitetssikra i tråd med det nye kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning.

Venleg helsing

Rune Krumsvik
Instituttleiar

Øystein Steine Larsen
Administrasjonssjef